

Preses Olav Fykse Tveit

Preike på høgtidsmesse i Nidarosdomen, påskedag, 20.april 2025

Bibeltekst:

¹ Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken bort frå grava. ² Ho spring av stad og kjem til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, og seier til dei: «Dei har teke Herren ut av grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.» ³ Då tok Peter og den andre læresveinen ut og kom til grava. ⁴ Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang fortare enn Peter og kom først til grava. ⁵ Han bøygde seg inn og såg linkleda som låg der, men han gjekk ikkje inn i grava. ⁶ Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, ⁷ og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg. ⁸ Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen først fram til grava. Han såg og trudde. ⁹ For endå hadde dei ikkje skjøna det skriftene seier, at han måtte stå opp frå dei døde. ¹⁰ Så gjekk læresveinane heim.

Johannes 20,1-10 (Bibel 2024, Bibelselskapet)

God påske til alle!

Vi lever i ei tid når det ikkje berre er fint, men heilt nødvendig å feire påske. Nokon veit meir om det enn andre.

I går kveld, rett før midnattsmessa, kom den ukrainske presten her i Trondheim, Mykhajlo Horyslavets, saman med familie og vener. Dei hadde med seg to esker. Det var påskekaker som dei har tradisjon for å bake og gi til kvarandre når det er påske. Med kvit glasur, påskas farge. Og med eit symbol på toppen: XB. Eg fekk forklaringa: Det er dei to første bokstavane i påskeropet på ukrainsk: Kristus er oppstanden!

Når menneske vert drepne kvar dag i ein meningslaus krig, då er det verkeleg nødvendig å feire påske.

Akkurat i år har alle kyrkjer samme påskedag, i aust og vest, ortodokse, katolikkar, protestantar. Det samme gjeld og alle kyrkjer i Palestina og Israel, etterkomarane etter dei første kristne. No samlar dei seg i Jerusalem der det skjedde – og i Gaza, dei få som er att – for å feire at Kristus er oppstanden.

-

Ein nøkkel som opnar døra inn til påskedagens budskap, er nokre få ord som vi har nettopp høyr. Det er apostelen Paulus sitt uttrykk i Kollossarbrevet: «De vart reiste opp med han, ved trua på Guds kraft, han som reiste Kristus opp frå dei døde» (Kol 2,12).

Det kan samanfattast i eitt ord: «Oppreising».

Påskedagen handlar om oppreising. Smak litt på det ordet. Kva smak, kva tankar og kjensler gir det?

Dei første kristne gjenfortalde igjen og igjen forteljingane om det som hadde skjedd. Så skreiv nokon dei ned. Og på forunderleg vis har vi dei framleis. To tusen år etterpå.

Det vil seie: Ingen var til stades og ingen kan difor fortelje akkurat kva som skjedde. Grava var allereie tom då dei kom dit.

Men dei fortel på ulike måtar kva som skjedde *med dei* som dette handla om. Dei fortel og reflekterer om oppreisinga i møte med den tomme grava og med den oppreiste Jesus.

I møte med desse forteljingane kjem det to spørsmål som vi aldri vert heilt ferdige med. Det eine er altså: Kva var det som skjedde – konkret – då Jesus vart reist opp att etter å ha døydd? Det andre er: Kva skjer med oss – konkret – etter at vi har døydd? Begge deler kjem vi til å undrast på så lenge vi lever. Det gjeld det vi ikkje kan oppleve mens vi lever. Noko er fortid, noko er utanfor tida.

Men likevel betyr oppstoda noko. Ho betyr mykje. På mange vis betyr ho alt. Fordi det er tale om oppreising.

Noko kan vi vite ut frå forteljingane om den første påskedagen. Noko kan også vi oppleve.

Oppreising gjer noko med oss. På påskedagen kan vi stille oss spørsmålet: Kva har eg opplevd som har løfta meg opp, reist meg opp? Er det noko i våre liv, våre erfaringar, som kan fortelje oss om det? Har nokon gjort noko med deg som løfta deg, reiste deg opp? Når har du løfta andre opp, reist dei opp på ein eller annan måte?

-

Det handlar i dag først – og difor også fremst – om forteljingar om at Jesus vart reist opp. Og om dei som vart oppreiste av han.

Forteljingane vart fortalt, tolka, og gjort om til ei meining som også kunne uttrykkjast i praksis. Det kom særleg tydeleg fram i dåpshandlingar som dei første kristne byrja å praktisere, slik Jesus hadde vorte døypt av Johannes døyparen. Dette viser apostelen til som tydelegvis er ein kjent praksis berre nokre få tiår etterpå, når han skriv til kyrkjelyden i Kolossæ, ein stad i noverande Anatolia i Tyrkia.

Dei hørde og gjorde, trengte ei tyding. Dei vart i dåpen dukka heilt under – gravlagde med Kristus – og reist opp att med Kristus.

I våre kalde land vart dåpen lagt til kyrkjebygga – og vatnet kom berre på hovudet.

Men det er den same dåpen. Saka er den same: Oppreising. Ved Guds kraft. Den same Gud som reiste Jesus opp, kan reise oss opp.

-

Først handlar det altså om Jesus, som fekk oppreising. Det var berre éin som kunne gjere det: Gud sjølv.

Han som hadde tapt, tapt alt, ære, truverdet, helse, ja, livet – og blitt lagt til sides i ei grav. Han hadde vorte dømt, som eitt av verdas mange offer for urett. Han hadde også blitt sviken av sine næraste.

Påskeforteljingane har mange tragediar i seg. Som alle andre sanne forteljingar om menneskelivet.

Men det er ikkje berre mørkt. Det var likevel eit snev av ære igjen ved at nokon ville gje han ei grav. Nokon ville sjå til denne grava så snart det var mogeleg då sabbaten var over. Det var nokon som hadde opplevd å verte oppreist i møte med han. Ho kom medan det endå var mørkt. Kanskje var Maria Magdalena redd for å bli sett, men ho gjekk til grava.

Men så er det at det utrulege skjer. Eller rettare sagt, har skjedd, for ingen har sett det då det skjedde. Men dei som kjem til den tomme grava ser likevel nok: Han er ikkje der. Gravsteinen er rulla vekk. Den døde ligg ikkje der dei la han. Detaljane har sine bodskap: Duken dei hadde lagt over hovudet hans var rulla saman på ein stad for seg. Pent og pynteleg, ville vi kanskje seie. Liket var altså ikkje røva av nokon som har hatt dårleg tid der inne, og leita etter noko av verdi i grava.

Detaljen fortalde noko nytt. Det er ein ny orden. Han ligg ikkje lenger. Han er reist opp att. Han som tapte i livet, vant.

Det kan høyrast ut som forteljinga frå ei rettssak. Offeret får rett til slutt, og får oppreisning.

Det er likevel noko heilt spesielt med denne forteljinga. Det handlar ikkje berre om å få rett, som i ei rettssak.

Det er meir, det er noko som vert heilt, noko som vert friskt att, noko som vert liv att.

Det handlar om ei rettferd som er større enn vår, og som har gjort seg gjeldande i denne verda. Ingen kan gjere det ugjort. Oppstoda, oppreisinga har skjedd.

Det såra offeret er Gud sjølv. Og Gud møter ikkje dei som sveik, dei som gjorde urett, med hevn. Men med – ja, akkurat: Nåde. Noko som kan gi liv, og meining til livet. Nåde.

Når offeret for urett og svik kjem tilbake, og møter dei igjen, vert det tydeleg kva som var urett, og kva som var svik. Oppreisinga talar klart, klart nok om det.

Det er ein avgjerande bodskap i at den oppstadne møter sine att. Det er ein bodskap om at Gud vil *rettferd*. Uretten blir tydeleg når offeret for urett, Jesus, kjem tilbake.

Det er ein like avgjerande bodskap i *korleis* den oppreiste møter sine att: Gud skapar den nye rettferda gjennom sin *nåde*, ikkje gjennom gjengjelding, fordømming og hevn.

Dei hadde høyrte og sett noko av det frå Jesus før, i hans møter med mange menneske som trengte det. Det som var rett og rettferdig skulle gjelde. Det gjorde seg gjeldande

nettopp når Jesus møtte menneske. Dei var oppreiste overfor Gud. Og difor også overfor kvarandre.

Paulus oppsummerer i brevet til romarane, kapittel 4, ved å seie: «Vi skal få rettferda tilrekna når vi trur på han som reiste Jesus, vår Herre, opp frå dei døde, han som vart overgjeven til døden for våre synder og oppreist for at vi skulle verta rettferdige for Gud.» *Rom 4,24-25.*

-

Vi veit mykje om kva denne forteljinga har gjort med menneske sidan, heilt fram til oss, her. Vi feirar påske i ein katedral, eit byggverk som fortel oss at denne historia har prega denne staden og menneska i dette landet i tusen år, saman med dei mange kyrkjene som står rundt i landet vårt. Om nokre få år skal vi feire dei tusen år sidan 1030 og HeilagOlavs død på Stiklestad, og sidan helgenkåringa som skjedde her vi er i 1031.

Men samanhengen mellom den kristne bodskapen og vår historie og vårt samfunn, vår tid og vår verd, er ikkje ferdig. Vi skal skrive den, vi skal forme den i dag – og i dagar som kjem.

Som i alle generasjonar må også vi svare på kva forteljinga betyr – og skal bety. Og om ho skal bety noko.

Vi vert oppreiste med Kristus i dåpen for å søkje det som høyrer Guds rike til. Vi er kalla til å gje andre menneske oppreising.

Vi er kalla til å ta eit oppgjør med det i oss sjølv, i vår historie, i vårt samfunn og vår verd som gjer at menneske ikkje vert reiste opp. Det gjeld også det i kyrkjias liv og svikt som gjorde og gjer at menneske ikkje vert oppreiste i møte med påskas bodskap, men heller undertrykte og det som verre er. Det gjeld også jødar når dei har fått skulda for Jesu død. Det står ein kamp om kristentrua og kristendommens sjel også i dag. Særleg når denne bodskapen blir brukt til å legitimere krig og urett mot andre.

Kyrkja vitnar om ei rettferd som vert gitt oss i nåde. Det er vår oppgåve å bidra til at både rettferd og nåde får prege og fylle vår tid og våre samfunn.

For at det skal skje, treng vi også noko utover oss sjølv og det vi forstår og det vi kan gjere noko med. Difor feirar også våre trussøsken, nesten utruleg nok, under krig og daglege angrep i Ukraina og i Gaza gudstenester, med dåp og nattverdfeiring.

Desse handlingane er dei same der og her. Dei drar oss inn i samanhengen mellom den natta han vart forrådt og den dagen han vert oppreist og møter sine att. Slik blir vi også vi møtte med Guds nåde – og oppreiste.

Slik vi blir også vi oppreiste for å leve – her og no. Slik kan vi stå opp for at andre skal oppleve rettferd – og nåde i vår tid.

Møtet mellom det himmelske og det jordiske den første påskedagen, møtet med det guddomlege og det menneskelege, er ikkje over.

Ære vere Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, som var, er og vere skal, èin sann Gud frå
æve og til æve. Amen